



DELÅRSRAPPORT

3. kvartal 2014

Voss, 28. oktober 2014
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 3. KVARTAL 2014

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for dei fyrste 9 månadane på 37,2 mill. kr, ein auke med 15,9 mill. kr i forhold til dei 9 fyrste månadane i fjor. Resultatet tilsvarar 1,36% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,83% i fjor.

I 3. kvartal er resultatet før skatt auka med 1,8 mill. kr til 11,9 mill. kr. Resultatet tilsvarar 1,25% av gjennomsnittleg rådveldekapital i kvartalet (GFK) mot 1,15% i fjor. Etter skatt er resultatet i kvartalet 8,4 mill. kr (0,89%) mot 7,7 mill. kr (0,87%) i fjor. Veksten i resultatet i kvartalet kjem frå netto verdistigning på finansporteføljen og reduserte driftskostnader.

RENTEMARGIN

Banken bokfører netto renteinntekter på 18,7 mill. kr, ein reduksjon på 0,7 mill. kr i forhold til 3. kvartal i fjor. Årsaka til reduksjonen i rentemarginen er at banken har plassert 160 mill. kr i rentefond. Avkastning på rentefonda vert ført som aksjeutbytte. Rentemarginen pr. 30.09 i år er på 2,11% mot 2,08% ved utgangen av 3. kvartal i fjor. Rentemarginen er om lag som budsjettert.

INNETEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Banken sine papir investert på Oslo Børs har i år hatt ei betre utvikling enn tilsvarande periode i fjor.

Pr. 30.09 har banken på aksjar samla inntektsført netto utbytte, realiserte vinstar og verdiendringar med 5,5 mill. kr, mot på 1,3 mill. kr i fjor. I 2. kvartal inntektsførte banken salet av aksjane i Nets Holding A/S, med ein realisert vinst på 5,5 mill. kr. Tidlegare rekneskapsført oppskrivning på denne aksjen på 2,3 mill. kr. er tilbakeført under eigenkapitalen.

Banken har i 3. kvartal overført obligasjonsporteføljen til Eika Kapitalforvaltning AS for aktiv forvaltning. I samband med denne utkontrakteringa er store delar av obligasjonsporteføljen reballansert med realisert vinst hittil i år på 4,7 mill. kr. Tidlegare rekneskapsført verdiauke på desse obligasjonane på 3,3 mill. kr er tilbakeført under eigenkapitalen.

DRIFTSKOSTNADER

I 3. kvartal i år er driftskostnadane 10,5 mill. kr som er 0,9 mill. kr mindre enn for 3. kvartal i fjor. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,10% i år mot 1,29% i fjor. Driftskostnadane pr. 30.09 er godt under budsjettet for 2014.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 3. kvartal har banken kostnadsført tapsavsetjingar med 0,8 mill. kr mot 0,7 mill. kr i fjor. Konstaterte tap så langt i år utgjer 0,5 mill. kr.

Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av kvartalet er på 26,4 mill. kr, ein auke frå 16,1 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 0,82 % pr. 30.09.14, mot 0,53% pr. 30.09.13. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 3. kvartal er rådveldekapitalen auka med 107 mill. kr, eller 2,84 %, til 3.882 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 374 mill. kr, eller 10,7%.

INNSKOT

Vekselbanken opplever for tida ein god auke i innskot. I 3. kvartal er innskota auka med 100 mill. kr eller 3,9%, mot ein reduksjon i 3. kvartal i fjor på 55 mill. kr eller 2,3%. Siste 12 månadane har innskota auka med 380 mill. kr, eller 16,6%.

Pr. 30.09.14 har banken ei innskotsdekning på 82,1% av brutto utlån, mot 75,1% på same tid i fjor.

UTLÅN

Banken opplever framleis god vekst i utlån og bokfører i 3. kvartal ein auke i brutto utlån på 45 mill. kr (1,4%), mot ein auke på 15 mill. kr (0,5%) i 3. kvartal i fjor.

Ved kvartalsskiftet i år er brutto utlån til kundar 3.248 mill. kr, mot 3.046 mill. kr ved kvartalsskiftet i fjor. Dette utgjer ein auke dei siste 12 månadane på 202 mill. kr eller 6,6%. Av samla utlån er 2.587 mill. kr (79,6%) til personkundar og 661 mill. kr (20,4%) til næringskundar.

Banken er i gang med å formidla lån via Eika Boligkreditt AS, og har i 2014 formidla 56 mill. kr til samla 72 mill. kr. Ein har som mål at ein større del av framtidig utlånsvekst skal takast via Eika Boligkreditt.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.667 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 482 mill. kr eller 18,1%.

Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene. Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR berekna etter nye forskrifter 86%.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 386,5 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,71%, utan at resultatet hittil i år er teke med. Kjernekapitalen er 332,3 mill. kr, eller 16,09%. I høve til minimumskrava er overdekninga 208,4 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 297,4 mill. kr, eller 14,40%.

DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Tabellen under syner ei oversikt på dei 20 største aksjonærane:

20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Namn	Andel	Beholdning
SPAREBANKEN VEST AKSJER, HANDEL II	10,00 %	189.980
VOSS SPAREBANK	10,00 %	189.980
SPAREBANKEN ØST	8,16 %	155.020
MP PENSJON PK	4,29 %	81.600
AUGUST RINGVOLD AGEN	1,96 %	37.150
NARHEIM INVEST AS	1,42 %	26.920
SKOGSBORG AS	1,08 %	20.440
JOH. RASMUSSEN & RAC	1,05 %	20.000
FORLAGSHUSET VIGMOST	0,93 %	17.700
BJØRKE ARNSTEIN	0,89 %	16.980

NOTOV AS	0,87 %	16.590
NORDNET PENSJONSFORS	0,67 %	12.670
RIO INGUNN	0,66 %	12.580
RINGHEIM BJØRN	0,59 %	11.145
KLØVE-GRAUE ASTRID	0,58 %	11.040
LANGMYHR TRYGVE	0,58 %	11.038
SLÅPEKROKEN AS	0,53 %	10.040
ØVSTHUS GRO NESHEIM	0,46 %	8.660
KVAREKVAL LARS	0,44 %	8.360
KNAPSTAD BJØRG	0,43 %	8.260
Sum for dei 20 største eigarane	45,59 %	866.153
Øvrige eigarar	54,41 %	1.033.847
Totalt utstedte aksjar	100,00 %	1.900.000

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 3. kvartal: kr 181,78
Kurs pr. utgangen av 3. kvartal var : kr 127,00

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2014

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalkonjunktur, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Det har nyleg vore ein korreksjon av renter hjå fleire bankar, noko Vekselbanken også har gjort, utan at dette får vesentlege verknader for resultatet i år. Etter banken sin overgang som fullverdig medlem i Eika Gruppen, forventar ein lågare relative innkjøpskostnader på både drift og finansiering. Dette vil styrka banken framover.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	3. kv. 2014	3. kv. 2013	30.09.14	30.09.13	31.12.13
Renteinntekter og liknande inntekter	39.310	38.861	118.536	111.111	150.798
Rentekostnader og liknande kostnader	20.578	19.425	60.564	57.721	76.853
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	18.732	19.436	57.972	53.390	73.945
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	706	0	1.672	1.108	1.108
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.900	1.663	5.071	3.831	5.511
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-952	-796	-2.741	-2.413	-3.232
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	2.853	1.916	11.124	1.724	482
Andre driftsinntekter	8	7	19	27	105
Sum andre inntekter	4.515	2.790	15.145	4.277	3.974
Sum netto inntekter	23.247	22.226	73.117	57.667	77.919
Personalkostnader	4.944	5.385	13.490	14.953	20.354
Administrasjonskostnader	3.000	3.448	10.210	10.896	13.344
Ordinære avskrivningar	1.726	1.646	5.183	4.897	6.599
Andre driftskostnader	857	923	3.204	3.217	4.197
Sum kostnader	10.527	11.402	32.087	33.963	44.494
Resultat før tap	12.720	10.824	41.030	23.704	33.425
Tap på utlån, garantiar m.v.	832	715	3.859	2.449	3.222
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0	0	0
Netto tap og avskrivningar	832	715	3.859	2.449	3.222
Resultat før skatt	11.888	10.109	37.171	21.255	30.203
Skatt på ordinært resultat	3.450	2.430	8.531	5.699	7.411
Resultat for rekneskapsåret	8.438	7.679	28.640	15.556	22.792
Andre inntekter og kostnader					
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	-5.090	127	-7.905	1.662	2.159
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	1.374	-158	1.532	-466	-534
Sum andre postar	-3.716	-31	-6.373	1.196	1.625
Totalresultat	4.722	7.648	22.267	16.752	24.417
Resultat pr. aksje (tal for 2013 er omrekna etter splitt)	4,44	4,04	15,07	8,19	12,00
Utvatna resultat pr. aksje (tal for 2013 er omrekna etter splitt)	4,44	4,04	15,07	8,19	12,00

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar	70.724	52.836	102.942
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	67.559	59.701	31.352
Netto utlån og fordringar på kundar	3.198.115	3.000.153	3.020.152
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	282.910	272.410	270.437
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	204.279	55.042	51.237
Immaterielle eignelutar	12.998	16.997	15.997
Finansielle derivat	694	433	514
Varige driftsmidler	36.144	37.552	37.865
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	9.011	13.073	10.109

SUM EIGNELUTAR

3.882.434 3.508.197 3.540.605

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.666.710	2.286.833	2.350.749
Obligasjons- og sertifikatgjeld	713.417	741.664	741.525
Finansielle derivat	674	643	674
Utsett skatt	999	2.736	2.531
Anna gjeld	18.462	17.474	15.791
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	48.012	46.460	9.552
Avsetjingar for påløpne kostnader og forplikingar	3.783	6.859	6.638
Ansvarleg lånekapital	85.000	85.000	85.000
Sum gjeld	3.537.057	3.187.669	3.212.460

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-19	-15	-19

Sum innskoten eigenkapital

Opptent eigenkapital

Annar eigenkapital	335.896	311.043	318.664
--------------------	---------	---------	---------

Sum opptent eigenkapital

Sum eigenkapital	345.377	320.528	328.145
-------------------------	----------------	----------------	----------------

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

3.882.434 3.508.197 3.540.605

Garantiansvar	95.310	62.409	75.746
Pantsetjingar	102.868	7.386	70.310
Eigenkapitaldekning	18,71 %	17,82 %	18,99 %
Gjennomsnittleg rådveldkapital	3.656.435	3.428.147	3.467.884

Voss, 28. oktober 2014

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Jorunn Lødemel
Styreformann




Åse-Karin Tennebekk



Dagfinn Gjøstein



Stein Kvarekvål



Johanna Sølvberg



Einar Larsen
banksjef

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
Endring i gruppevise nedskrivningar
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for
Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

30.09.14	30.09.13	31.12.13
2.385	-60	534
1.000	500	500
497	1.980	2.078
0	104	196
-23	-75	-86
3.859	2.449	3.222

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

30.949	19.378	20.434
4.581	3.273	2.503
26.368	16.105	17.931
76.048	71.039	79.117
25.994	24.323	25.687
50.054	46.716	53.430
76.422	62.821	71.361

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån

Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar

Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar

Netto utlån til kundar

3.247.766	3.045.825	3.066.418
-30.575	-27.596	-28.190
-19.076	-18.076	-18.076
3.198.115	3.000.153	3.020.152

KAPITALDEKNING

	30.09.14		30.09.13		31.12.13	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	8.457	677	0	0	0	0
Institusjonar	28.889	2.311	35.016	2.801	32.014	2.561
Føretak	221.962	17.757	459.001	36.720	405.540	32.443
Massemarknad	3.446	276	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.320.068	105.605	1.165.535	93.243	1.228.888	98.311
Forfalne engasjement	27.284	2.183	30.208	2.417	20.710	1.657
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.316	825	5.529	442	5.522	442
Andelar i verdipapirfond	142.438	11.395	3.409	273	3.915	313
Eigenkapitalposisjonar	30.134	2.411				
Andre engasjement	136.734	10.939	208.034	16.643	183.841	14.707
Sum kredittrisiko	1.948.804	154.378	1.906.732	152.539	1.880.430	150.434
Operasjonell risiko	135.581	10.846	135.137	10.811	135.137	10.811
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	-19.076	-1.526	-18.076	-1.446	-18.076	-1.446
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	0	0
Samla kapitalkrav	2.065.309	163.700	2.023.793	161.903	1.997.491	159.799
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-19		-15		-19	
Annan eigenkapital	307.256		273.894		291.533	
Fondsobligasjonar	35.000		35.000		35.000	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-9.975		-16.997		-15.997	
Frådrag for kjernekapital i andre institusjonar	-132					
Frådrag i samsvar med overgangsvilkår	-9.332		0		0	
Sum kjernekapital	332.298	16,09	301.382	14,89	320.017	16,02
Herav rein kjernekapital	297.430	14,40	266.382	13,16	285.017	14,27
Fond for urealiserte verdiendringar	4.349		9.195		9.308	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	50.000		50.000		50.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	-132		0		0	
Sum tilleggskapital	54.217	2,63	59.195	2,92	59.308	2,97
Sum ansvarleg kapital	386.515	18,71	360.577	17,82	379.325	18,99

ENDRING I EIGENKAPITALEN

	30.09.14	30.09.13	31.12.13
Eigenkapital ved inngangen til året	328.145	308.051	308.050
Utbetalt utbytte førre år	-5.035	-4.275	-4.250
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	-6.373	1.196	1.625
Kjøp / sal egne aksjar	0	0	-72
Resultat i perioden	28.640	15.556	22.792
Eigenkapital ved periodeslutt	345.377	320.528	328.145

KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Alle tal i NOK 1 000

	30.09.14	30.09.13	31.12.13
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	122 959	120.551	158 796
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-26 086	-26.380	-80 436
Andre innbetalningar	3 502	2.148	2 504
Driftsutbetalningar	-26 490	-30.940	-36 596
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	23	75	86
Utbetalt utbytte	-5 035	-4.275	-4 275
Betalte skattar	-7 706	-6.964	-7 705
Tilført frå verksemda	61 167	54.215	32 374
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-181 370	-196.324	-217 024
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	315 961	48.430	112 346
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	1	1
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	-28 107	30.087	29 947
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	256	-1.533	- 59
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	-165 913	-13.396	-8 578
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	1 099	-1.276	-4 250
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	97	0	- 83
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd	-57 977	-134.012	-87 701
Investert i varige driftsmidlar	-2 037	-1.569	-4 581
Investert i immatrielle eignelutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	301
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	2 836	2.560	2 560
Netto kontantstraum frå investeringar	799	991	-1 720
Netto endring likvidar	3 989	-78.806	-57 047
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	134 294	191.341	191 341
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	138 283	112.536	134 294
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	70 724	52.835	102 942
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	67 559	59.701	31 352
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt	138 283	112.536	134 294